

REGULERINGSFØRESEGNER I SAMBAND MED REGULERINGSPLAN FOR DEL AV HYTTE-  
OMRÅDE H 8 PÅ OVERØYE OG SELJEHAUG I STORDAL KOMMUNE

§ 1

Det regulerte området er vist på planen i M 1:2500.

§ 2

Tillatt bruksareal pr. tomt er maks 120 m<sup>2</sup> BRA. Dette kan byggast som ein fritidsbustad på 120 m<sup>2</sup> BRA eller med anneks og uthus kvar på 15 m<sup>2</sup> BRA slik at samla bruksareal vert maks 120 m<sup>2</sup>.

§ 3

Ved innlegging av vatn skal det søkjast særskilt om utsleppsløyve og i samsvar med fylgjande reglar:

1. Infiltrasjon skal nyttast der tilhøva ligg til rette for det.
2. Felles avløpsanlegg for eit område skal nyttast dersom det ligg til rette for det.
3. Tett tank kan nyttast dersom ein stettar følgjande krav:
  - toalettet skal vere vass-sparande.
  - tanken må vere minimum 6 m<sup>3</sup>.
  - tanken skal tømast kvart år.
  - tanken skal ikkje plasserast meir enn 6 m lavare og ikkje meir enn 40 m frå vegen den skal tømast frå.
  - bestemmelsane i føresegner for tømning av slamavskiljar, tette oppsamlingstankar for avlaups-vatn m.v. for Stordal kommune ver følgde.

§ 4

Ved innlegging av straum/telefon skal det nyttast jordkablar.

§ 5

Bygningane og avkøyrslene frå fellesvegane i hytteområdet skal plasserast etter nærare samråd med bygningssjefen i Stordal.

§ 6

Gesimshøgde skal ikkje overstige <sup>300</sup>~~240~~ cm over grunnmur og grunnmurshøgde over terreng skal ikkje overstige ~~100~~ cm.

§ 7

Bygningane skal ha saltak med takvinkel mellom 22 og 34 grader. Taket skal tekkast med torv, men som mellombels tekke kan nyttast papp.

§ 8

Bygningsrådet skal sjå til at bygningane i området får ei god form, og at materialar og fargar harmonerer med natur og omgivnad. Bygningar som kan sjåast i samanheng skal ha ei harmonisk utforming innbyrdes.

§ 9

Dersom inngjerding av hyttene er naudsynt på grunn av beitande dyr, skal berre verandadel og inngangsparti inngjerdest. Inngjerdinga må ikkje utførast slik at fri ferdsel vert hindra og gjerdet skal ikkje vere over 90 cm høgt.

## § 10

Det skal leggast vekt på å ta vare på naturleg vegetasjon i området.

## § 11

**Trafikkområda.**

1. Vinterparkeringsplassar P1, P2 og P3 (for 2 bilar pr. hytte), skal opparbeidast i samsvar med planen. P1 dekkjer behovet for ei hytte på nordre parsell av 144/7. P2 dekkjer behovet for 8 hytter på 144/11 (2 parsellar), 2 hytter på 144/6, 6 hytter på 144/1 (2 parsellar), 3 hytter på søndre parsell av 144/7, 2 hytter på 144/4 og 5 hytter på 144/2. P3 dekkjer behovet for 7 hytter på 144/8, 9 og 1 hytte på 143/6.

Naudsynt vinterparkeringsplass for kvar enkelt hytte skal vere opparbeidd samstundes som byggearbeidet på hytta tek til.

2. Det kan opparbeidast køyrbare vegar fram til hyttene. Vegane må opparbeidast slik at dei i størst mogleg grad fell godt inn i terrenget. Avkøyrslene frå fylkesvegen skal opparbeidast i samsvar med Vegvesenet sine normalar. Det same gjeld for frisksiksonene ved avkøyrslene. Fellesvegane skal og kunne nyttast som driftsvegar (jord-/skogbruk).

## § 12

**Landbruksområda.**

I landbruksområda skal det kunne drivast vanleg jord- og skogbruk. Landbruksområda skal også kunne nyttast til friområde og sportslege aktivitetar så langt dette ikkje går ut over jord- og skogbruksdrift.

## § 13

**Fareområde.**

I fareområde (snøras) som også er landbruksområde, skal det kunne drivast vanleg jord- og skogbruk.

## § 14


**Andre bestemmelser.**

Bygningsrådet kan tillate mindre vesentlege unntak innanfor ramma av bestemmelsane i plan- og bygningslova.

STORDAL, 23.04.2001

STAVSENGS INGENIØRFIRMA AS

  
Paul Stavsen




1763-REG.02


# TEIKNFORKLARING

## REGULERINGSFØREMÅL PBL § 25 1. LEDD


### 1. BYGGJEOMRÅDER

 Område for fritidsbygg

### 2. LANDBRUKSOMRÅDER

 Område for jord- og skogbruk

### 5. FAREOMRÅDER

 Område med ras- og flomfare

### 6. SPESIALOMRÅDER

 Område for særskilde anlegg


### 7. FELLESOMRÅDER


 Felles avkøyrsløp

 Felles parkeringsplass

Koordinatsystem NGO akse 1 og 2  
Ekvidistanse 5 m  
Kartmålestokk 1:2500


## STREKSYMBOL M.V


 Planavgrensning

 Grense for reguleringsføremål

 Byggjeregrense

 Omriss av planlagte bygg

 Omriss av eksisterende bebyggelse som inngår



REGULERINGSPLAN FOR

## Del av hytteområde H8 på Overøye og Seljehaug i Stordal, Stordal kommune

Elise Almås m/ flere, Stordal

Til planen høyrer " reguleringsføresegner for del av hytteområde H8 på Overøye og Seljehaug i Stordal kommune ", datert 23.04.2001.

SAKSHANDSAMING IFLG. PLAN- OG BYGNINGSLOVA

SAKSNR.

DATO

SIGN.

Revisjon

**Kommunestyret sitt vedtak:**

Eigengodkjent ikommunestyret.

020/01

23.05.01

E.L.

2. gongs handsaming i det faste utvalet for plansaker

008/01

02.05.01

E.L.

Offentleg ettersyn frå 09.02.01 til 02.04.01.

E.L.

1. gongs handsaming i det faste utvalet for plansaker

05/01

06.02.01.

E.L.

Kunngjering av oppstart av planarbeidet

27.05.00

E.K.